



Eirik Skogseth, lærling på SPAR, syner fram nokre av dei nye og mest populære julehefta i år.

Julehefta 2018 er på plass i bladhyllene på SPAR: Det er som vanleg eit variert utval i teikneserieblad og andre julehefte. Mange er tradisjonelle og høyrer jula til, slike som Smørbukk, Vangsgutane, 91 Stomperud og Pondus. Nokre er nye. Det mest nyskapande og truleg eit eingongshefte, er faktisk julehefte Donald's glade jul. Framsida er illustrert med motiv av den amerikanske presidenten.

Av totalt 55 julehefte i år finn vi om lag 30 hefte til sals på SPAR. Mange hefte sel godt. Det er sagt at Noreg eit av dei landa der det vert lese mest teikneseriar. Det er likevel ein klar tendens i at det vert produsert mindre av tradisjonelle julehefte og meir av prosahefte med flotte bilete. Herborg Kråkevik med sine Juleroser er eit godt døme på det siste. Det er difor ein klar overgang frå teikneseriar til juleforteljingar. I år finn vi difor mange utgåver av hefte i denne genren.

NRK Hordaland kårar kvart år dei ti beste julehefta ut frå ei fagleg vurdering. Utvalet vert gjort med bakgrunn i den fortalde historieen, bilete, lay out, variasjon og kor aktuell forteljinga er. På topp ti lista finn vi alltid tradisjonelle julehefte som Prøysens jul, Vangsgutane, Knoll og Tott, Jens von Bustenskjold og 91 Stomperud. Blondi med forteljingar frå 1950 talet skårar alltid høgt. Det same gjer Flåklypa.

Dei beste julehefta i år er likevel Donald på norsk, Nordlys og Donald's glade jul. Prosahefte med nostalgiske forteljingar, vakre bilete og illustrasjonar har ein pris på over 100 lappen. Det er her vi finn Kråkevik og andre med sine Juleroser. Eit anna meir temabasert julehefte i år er Oddgeir Bruaset med Jul - der ingen skulle tru at nokon kunne bu.

Finn fram til bladhilla med julehefte på SPAR. Det meste er samla på eit stativ, men noko er å finna i den store bladhilla ved kassane.

Tekst/fot/nett: Kristian Bringedal



Om lag 30 av totalt 55 julehefte i 2018 er å finne i bladstativet på SPAR.